

Fra: Ole Bakkebø <olebakkebo@gmail.com>
Sendt: torsdag 15. september 2022 15:39
Til: Postmottak Alver
Emne: Kommuneplanen arealdel - uttale fra gnr/bnr 58/9 Lygra
Vedlegg: kart Lygra 2.pdf

Innspel til arealdelen av Alver kommune sin arealplan.
Frem gnr/bnr 58/9 Ole Bakkebø

Ved tidlegare kommunedelplan for Lurefjorden/Lindåsosane vart det lagt inn to næringsområde (landbrukstilknytta næringsutvikling Sn3 og Sn4) på gnr/bnr 58/9 på Lygra. Bakgrunnen for at desse var teikna inn, var kommunen og grunneigar sine ynskje om å utvikle både landbruket, busetjing og landbrukstilknytta næringar og reiseliv på Lygra.

Omfang og presisisjonsgrad av nedteikninga av desse to områda var skjematiske og tilfeldig i høve til realitetene mht bygningsmasse, tunskipnad, vegar og planer for bruket. Dei var innteikna utan kontakt med grunneigar.

Det er i tillegg lagt til eit lite bebygd areal langs vegen mellom tunet og sjøen som i dag består av ein gammal silo og 3 eit lite brønnhus. Dei er begge til forfall. Dette er ynskt erstatta med eit reidskapshus c 3 x 8 meter som vi ynskjer vert lagt inn i planen.

Både bruket og store deler av tunskipnaden ligg i 100 m beltet og omlag alle tiltak krev dispensasjon og omfattande sakhandsaming kva gjeld næringsbygg, påbygg, våningshus og andre tiltak på eigedommen. Det er no viktig for oss at kommunen oppdaterer sine kart mht eksisterande bygningsmasse og justerer arealkategoriane på eigedommen slik at dei vert i pakt med fakta og dagens bruk og morgendagens planar.- herunder kommuneplanen. Dei to innteikna næringsområda må også justerast og utvidast slik at dei vert hensiktsmessige i høve til planlagt utvikling av tunet, fakrtisk bruk og landbrukstilknytta næring.

Dette er illustrert på vedlagt kartskisse. Planavdelinga vert bedd om å ta kontakt med grunneigar i denne prosessen dersom det er informasjon som kommunen savner og mht til oppdatering av dagens bruk og status på bruket.

Med helsing
Ole Bakkebø
90942794